



# INSTRUKS BARNAS TALSPERSON

*i plan- og byggesakshandsaming*

## 1. OPPNEMNING OG FUNKSJON

Etter Plan- og bygningslova §3-3 tredje avsnitt skal kommunestyret sørge for å etablere ei særskild ordning for å ivareta barn og unge sine interesser i plan- og byggesaker.

I Eidfjord kommune er ansvaret delegert til administrasjonen. Ved kvar ny valbolk skal det oppnemnast ein til rolla Barnas talsperson, samt ein vararepresentant. Representantane bør ikkje ha politisk verv, og skal vera fristilt i utøvinga av funksjonen.

## 2. ARBEIDSRÅDE

Barnas talsperson har eit særleg ansvar for å ivareta barn og unges interesser i planlegging gjennom deltaking i planarbeid og byggesakshandsaming. Planarbeid spenner frå detaljregulering til overordna kommuneplanarbeid. Barnas talsperson kan og knytast på ved bruksendring av bygg, sal av areal/bygningar og likande som er relevant for barn og unge.

Talspersonen skal tileigna seg planfagleg innsikt, og bør kjenna hovudprinsippa i plan- og bygningslova. Vedkommande skal få tilbod om kunnskapsheving ved behov. Barnas talsperson må kjenna til kommunen sine retningslinjer, føresegn og vedtekter som røra ved barn og ungdom.

Representanten bør ha kunnskap om og erfaring med barn og unge. Den faglege kompetansen skal styrka plan- og byggesaksarbeidet, og gjennom dette vera med på å forma eit godt oppvekstmiljø.

## 3. RUTINER

Barnas talsperson skal koplast på tidleg i saker som angår barn og unge. Vedkommande skal vera barnas talerøyr, og delta i sakshandsaming for å sikra barna sine interesser.

I planarbeid skal Barnas talsperson:

- Få tilbod om å delta på oppstartsmøte dersom sakshandsamar allereie ser konflikt med barn og unge sine interesser
- Drøfta saker med sakshandsamar før saka vert sendt til fyrste politiske handsaming
- Få tilsendt saker når dei vert lagt på høyring ved 1. gongshandsaming. Talspersonen har moglegheit til uttale i høyringsperioden.
- Delta i politiske møter knytt til saka, her har vedkommande tale- og forslagsrett, samt rett til protokolltilførsel ved strid om interessene. Vedkommande har ikkje stemmerett eller klageadgang i vedtak.

I byggesaksarbeid skal Barnas talsperson:

- Ved ombygging/større endring/utbygging av einingar retta mot barn og unge skal talspersonen få tilbod om å delta på førehandskonferanse
- Ved søknader som får konsekvensar for barn og unge skal talspersonen drøfta saka med sakshandsamar før vedtak vert gjeve
- Få tilsendt saker for uttale ved interessekonflikter

I dispensasjonssaker skal Barnas talsperson:

- Ved dispensasjonar frå lovverk, forskrifter eller planverk som råker med barn og unge sine interesser skal talspersonen få tilsendt saka til uttale



#### 4. VURDERINGSELEMENTER

Barnas talsperson kan ivareta mange element i plan- og byggesaksarbeidet. Kapittelet syner element som kan vera relevant i ein uttale frå representanten.

Områder for barn og unge skal ikkje medrekna areal brattare enn 1:3 eller korridorar som er smalare enn 10 meter. Områder som er avsett til køyreveg, parkering, fareområder eller areal bandlagt med restriksjonar som hindrar barns frie lek er ikkje rekna som areal for barn og unge. Område for barn og unge skal ikkje ha støynivå som overstig 55 dB.

Ved forslag som omdisponera areal som i plan er avsett til fellesareal eller friområde som er i bruk eller eigna for lek, skal det skaffast ein fullverdig erstatning for området. Kravet tar ikkje høgde for arealets formelle eller reguleringsmessige status.

Barnas talsperson skal i sitt arbeid vurdere:

- Møtestader for samvær, lek, idrett og friluftsliv
  - o Ljos-, vind- og vêrforhold
  - o Storleik og beliggenheit – arealutnytting
  - o Ivareta naturlege leike-, bade og aktivitetsområder
  - o Grønstrukturar, skogholt
  - o Opne for samvær mellom ulike aldersgrupper
  - o Universell utforming
- Forflytting
  - o Gang- og sykkelveggar
  - o Stiar og naturlege snarveggar
- Trafikkforhold
  - o Trafikksikker åtkomst mellom arenaer barn ferdast
  - o Utbygging av turløyper
  - o Kollektivtilbod
- Støy, forureining og fare
  - o Skjerma opphaldsområder for visuell støy, lydstry (over 55 dB), høgspenningslinjer, luft- og anna forureining
  - o Sikringstiltak ved stup, skrentar og lause massar
- Tomteutnytting
  - o Terrengtilpassing
  - o Uteområder
  - o Plassering av bygning på tomt
- Skule, barnehage og fritidssituasjon
- Sal av områder og bygningar relevant for barn og unge

Vurderingselementa er relevante i både plan- og byggesaker.

#### 5. VIDARE LESING

Lenkene under syner til vidare lesing om rolla som Barnas talsperson.

[Veileder om barn og unge i plan og byggesak \(regjeringen.no\)](https://www.regjeringen.no)

[Rundskriv T-2-08 \(regjeringen.no\)](https://www.regjeringen.no)

Revidert 09.11.2023